



Det kongelige justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Att. Mona Kristensen

Vår saksbehandler

Marte Nes

Telefon

Vår dato

21.04.2016

Deres dato

Vår referanse (oppgis ved svar)

2012/6970-349/58737/2016 EMNE N01

Deres referanse

Høring - klageorgan for båtpassasjerer

Vi viser til brev frå Justis- og beredskapsdepartementet sendt 20.01.2016 og svar frå fylkeskommunen den 11.03.2016 om høyringa: Klageorgan for båtpassasjerar – Forslag til endringar i transportklagenemndforskrifta.

Akershus fylkeskommune handsama saka 27.04.2016 og vedtok samrøystes fylkesrådmannens innstilling:

- 1. Akershus fylkeskommune støtter Samferdselsdepartementets forslag om å endre transportklagenemndforskrifta, slik at nemnda også blir klageorgan for båtpassasjerar.*
- 2. Fylkeskommunen meiner at nemnda også bør omfatte klager om brot på reisevilkår til den enkelte transportør, slik den gjer for anna kollektivtrafikk.*

Med vennlig hilsen

Thomas Tvedt
Fylkesdirektør samferdsel

Marte Nes
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Vedlegg

1 Saksframlegg klageorgan for båtpassasjerer

Dato: 11.03.2016
Arkivref: 2012/6970-346

Saksnr	Utvalg	Møtedato
	Hovedutvalg for samferdsel	27.04.2016
	Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne	25.04.2016

Høyring - Klageorgan for båtpassasjerar

Innstilling

- Akershus fylkeskommune støtter Samferdselsdepartementets forslag om å endre transportklagenemndforskriften, slik at nemnda også blir klageorgan for båtpassasjerar.*
- Fylkeskommunen meiner at nemnda også bør omfatte klager om brot på reisevilkår til den enkelte transportør, slik den gjer for anna kollektivtrafikk.*

Samferdselsdepartementet har utarbeidd eit forslag om endringar i forskrift om klagenemnd for fly- og jernbanepassasjerar (transportklagenemndforskrifta). Endringa går ut på at dagens Transportklagenemnd blir utvida til også å omfatte båtpassasjerar, slik at det vert etablert ei felles klageordning for heile transportsektoren.

Høyringsforslaget følgjer opp lovforslag om endringar i sjølova og båtpassasjerforordninga, samt innføring av EU-forordning om *rettar ved passasjerfart med båt på sjøen og innlandske vassvegar* i norsk lov. Lovforslaget er per dags dato ikkje behandla i Stortinget, og høyringsnotatet byggjer på ein føresetnad om at lovforslaget vert vedteke utan vesentlege endringar.

Fylkeskommunens behandling av høyringsforslaget omhandlar dei delane som er vesentlege for å sikre rettane til passasjerane. Detaljerte innspel om nemndas organisering, saksbehandlingsreglar og fordeling av utgifter er det ikkje vurdert naudsynt at fylkeskommunen uttalar seg spesifikt om.

Gjeldande rett

Det er i dag inga nasjonal klageordning for båtpassasjerar. Passasjerar kan reklamere til tenesteytar. Dersom tvisten ikkje blir løyst kan saka takast vidare til forliksrådet og dei alminnelege domstolane.

Ruter behandlar i dag klagesaker frå båtpassasjerar på lik linje med klager frå andre passasjerar. Selskapet opplyser om at det er generelt få klager frå båtpassasjerar, færre enn frå andre passasjergrupper.

Departementets forslag

Samferdselsdepartementet foreslår at dagens Transportklagenemnd vert utvida til å også omfatte båtpassasjerar, slik at det vert oppretta ei felles transportklagenemnd for heile transportsektoren. Departementet anbefaler at klagenemnda berre behandlar klager som allereie er behandla av tenesteytar. Samtidig er det satt ein føresetnad om at eit nasjonalt klageorgan ikkje skal behandle klager om brot på transportørens egne reisevilkår. Forslaget legg til grunn at Samferdselsdepartementet framleis skal ha det administrative ansvaret for nemnda.

Økonomiske konsekvensar

Når det gjeld finansiering legg departementet opp til at kostnadane for sjøfartssektoren fordelast mellom tenesteytarar som mot vederlag fraktar passasjerar med båt, og som kan klagast inn for nemnda.

Gjennomføring av forordninga vil ha konsekvensar for ferjekontraktar inngått av fylkeskommunen. Dette fordi ferjekontraktane opnar for at vederlaget kan justerast dersom løyvehavaren vert påført vesentleg meirarbeid og/eller meirkostnadar som følgje av endringar i norske lover. Departementet opplyser at meirkostandane som følgje av forordninga ser ut til å vere marginale, og at fylkeskommunane vil bli kompensert for eventuelle meirutgifter.

Alternativ til ei felles klagenemnd

Næringa har stilt spørsmål om transportklagenemnda vil ha tilstrekkeleg kompetanse til å behandle klagesaker frå båtpassasjerar. Dersom klagesaker frå båtpassasjerar ikkje skal leggest til Transportklagenemnda er alternativet å opprette ei eiga klagenemnd for båtpassasjerar.

Passasjerar som reiser med båt i Ruters område vil ha like rettar som andre passasjerar etter reisevilkåra, og mange av dei same rettane etter dei underliggende EU forordningane. Ei separat nemnd vil føre til at passasjerane får fleire nemnder å forholde seg til.

Departementet viser til at endring i forskrifta for transportklagenemnda set krav om at det i den enkelte sak skal ha minst eitt medlem som representerer den innklaga transportsektor. Forskrifta vil opne for at det vert satt ei særskilt nemnd for saker som involverer båtpassasjerar, dersom det er hensiktsmessig i den enkelte sak.

Fylkesrådmannens anbefalingar

Fylkesrådmannen støttar departementet sitt forslag om endringar i transportklagenemndforskrifta, slik at nemnda også vert klageorgan for båtpassasjerar. Mange innbyggjarar i Akershus har båt som hovudreisemiddel dagleg. Det er naudsynt at deira rettar er godt ivareteke, på lik linje med andre kollektivbrukarar. Båtpassasjerar nyttar ofte andre kollektive transportmiddel i kombinasjon med båt. At passasjerane har ei klagenemnd å forholde seg til i tvistesaker er viktig for å sikre kontinuitet og likebehandling av klager. Nemnda bør derfor i tillegg til å behandle klager på manglande oppfølging av rettar etter forordninga, også behandle klager om brot på reisevilkåra til den enkelte transportør, slik klagenemnda skal gjere for anna kollektivtrafikk.

Oslo, 02.05.2016

Tron Bamrud
fylkesrådmann

Saksbehandlar: Marte Nes

Vedlegg: Endringar i transportklagenemndforskriften